






HELING FRÅ KYRKJA



KYRKJELYDSBLAD FOR VIK



ÅRGANG 68



NR. 01 MARS 2015



god påske

Ei tid for å dansa

Har du sett sola dansa? Rart spørsmål, synest du kanskje.

For ho gjer jo ikkje det. Sola ho skin, strålar, varmar og gjer godt, men dansa gjer ho no ikkje.

Eg har nok ikkje sett sola dansa, men no må eg innrømme at eg ikkje har sett så godt etter heller.

Men kanskje nokon ser ho gjera det i påska? Det er nemleg då det blir påstått at sola gjer det. Ikkje kvar dag, men ein heilt bestemt. Fyrste påskedag om morgonen då dansar sola. Det var i middelalderen dei oppdaga dette forunderlege fenomenet, og fleire stader i landet vårt har det vore tradisjon å dra til fjells grytidleg om morgonen 1. påskedag. Dei ville sjå sola stå opp. Dei ville oppleve henne dansa over fjelltoppane.

Eg veit ikkje kva du tenkjer om dette fenomenet?

Kan vera dei tok litt sterkt i dei som påstod dette? Eg er ikkje så sikker på om dei ville støtta teorien på meteorologisk institutt, eller kva den engasjerte astrofysikaren Knut Jørgen Røed Ødegaard ville sagt.

Men det får vera. Det er ikkje så nøye. Det er forklaringa eg synest er så flott. Kva det var som gjorde at ein meinte at sola dansa akkurat denne dagen.

Og kva var det då ?

Jau, ho dansa i glede over at Jesus stod opp frå grava. Ho jubla over Jesus sin siger over døden. Ho kunne ikkje halde seg i ro i glede over morgonen som kom med lyset og livet, og som planta håp midt på vår jord. Så er det mogeleg dei tok litt sterkt i dei som meinte sola dansa, men det som hende 1.påskedag er grunn god nok for både den eine og den andre til å bevega litt på seg.

Påskeforteljinga inneheld sterke kontrastar. Her er sorg og glede, nederlag og sigrar, sjokk og trøyst, fortvilning og håp. Slik kan vi òg oppleve livet. Dagane kan vera så ulike, men påska vil minne oss om at det finst ein soloppgang. Det finst ein kjærleik som er sterkare enn døden, og eit håp som står som fjellet fast.

Det gjer ikkje livet enkelt. Han har så rett Forkynnaren i Det gamle testamentet som seier at alt har si tid:

«Ei tid til å gråta, ei til å le, eit tid til å syrgja og ei til å dansa.»

Men når tida for å dansa er der, så kan ein kanskje - saman med sola - våga seg frampå og ta nokre trinn.

Den gode budskapan påskedagen møter oss med, er i alle fall ein god grunn til å gjera det.

Bård Haukedal



Denne andakta er henta frå kyrkjebladet i Sogndal.

Bård Haukedal har vore sokeprest i Sogndal og fungerande prost i Indre Sogn.No er han personalprest i Bjørgvin bispedøme.

FJELLET

Hev du sett fjellet, når dagninga bryt
frå myrkret til ljøs over viddene skyt,
Sett solstripa renna på høgaste tind.
Sett dunlette skyer, som sigla for vind.

Hev du sett fjellet , i morgonsol rein
Sett glimta i dogga på blom og på grein
Sett sol-ljoset flimra i speilblanke vann
Ein venare morgon ei ynskja, du kan.

Hev du sett fjellet ein solvarme dag
Når lufti ho bivra, lik skjelvande slag.
Alt ligg liksom dormar i fredsæle dis.
Alt ligg liksom ventar, på svalande bris.

-Men- hev du sett fjellet, når uveret driv
Med styrtregn som piskar, og skodda som sviv
Når hylande vindkast vil bøya deg ned
Kvar vart det av draumen, om soleglad fred?

Men såg du det rivna i regntunge sky
Å du for ei sæla, med solglytt på ny.
For når er det fjellet du reinare ser
Med alle dei fargar som nyvaska er.

Kven gløymer vel fjellet, når du ruslar og går
Og frydar deg når du finn myrar som står
med gulnande molter og raudleitte bær.
Då kjenner du godsmak, når bæri ned fær.

Kven gløymer vel fjellet, med røsslyng i blom
At det kan gå an med slik fargeprakt som,
i venleik og mengda på turr-rabber stå.
Ja, undrast du ikkje for dette å sjå ?

Kven gløymer vel fjellet, når soli glad ned
Når skuggar vert lange, med stilla og fred
Når siste solstrålar, dei glitrar i tjønn
Då kjenner du trong, til ei stille bønn.

Takk, for kvar gong eg fekk koma her opp
Sjå soli ho spretta på Rambere-topp
Sjå Krossfonna farga av kveldsroden fin
Eit eventyr-minne i hugen som skin.



Kunstverk i Kyrkjestova

«Eg hadde så lyst at ungane skulle få noko skryt for dei var flinke alle saman», seier Anna Sofie Aase. Ho ser på teppet på veggene i Kyrkjestova som ho saman med Liv Torvanger og to 5. klassar på Flatbygdi laga skuleåret 1983-84. Anna Sofie er oppteken av å understreke at alle elevane var med, men ho har likevel hug til å nemne Gro Grov Sørdal og Per Jonny Undi spesielt. «Dei var spesielt flinke», seier ho. Begge er gått bort og det gjev ein ekstra grunn til å nemne dei.

Per Jonny Undi var den som teikna Jesus som er sentrumsmotivet i bilete. På begge sidene er det bilete som viser ulike hendingar frå det nye testamentet. Til venstre ovanfrå: oppvekking av Jairus si dotter, Jesus mettar 5000 i øydemarka og kvinna som vart gripen i ekteskapsbrot. Til høgre: småborna som kom

til Jesus, misjonspåbodet og Jesus på veg til krossen på Golgata. Så vidt ho kan hugse, var det sokneprest Jens Terje Johnsen som gav dei tekstane. Ho fortel at Liv Torvanger var i tvil om dei kunne ha med teksten om «den falne kvinna» (ho som var gripen i ekteskapsbrot), «men eg meinte at den kunne vi ta med», seier ho. Teppet vart laga i samband med at det skulle innreist Kyrkjestove i kjellaren på Helsetunet.

Ho fortel at dei kjøpte ikkje inn noko ekstra stoff, dei brukte det dei hadde på stofflageret. Ho lurte svært på kva stoff ho skulle bruke til Jesus, men så kom ho på at ho hadde noko egyptisk bomull liggande. Anna Sofie hadde vore i Oslo på kurs og lært om vattering av teppe, og ho hadde teke mange bilete som ho viste til elevane før dei tok til med arbeidet. Elevane teikna alt, men sjølve synga av det

store teppet var det ho som måtte gjere sjølv. «Du må hugse at dei var ikkje gamle, dei gjekk berre i 5. klasse», seier ho. Liv Torvanger var også aktivt med, dette var året før ho skulle reise til Equador som misjonær. Anna Sofie meiner dei brukte om lag eit halvt år på teppet, «men då dreiv vi også med andre ting innimellom», seier ho. Anna Sofie Aase var lærar på Flatbygdi i mange år. Ho var fødd og oppvaksen på Hestetun i Øvre Årdal. Far hennar var ordførar i Årdal i 15 år og seinare stortingsrepresentant i 7 år før han omkom ved ei ulukke på vedaskogen heime. Anna Sofie var då berre eitt år. Ho var yngst i ein søsken flokk på 6, «ein skikkeleg attpåklatt», seier ho. «Eg hadde 5 kjekke brør som tok seg av meg». Dei hjelpte til så ho reiste til Oslo og tok lærarskulen i forming. Etter at ho hadde vore lærar fleire stader, kom ho til Vik, ho trur det måtte vere i 1958. Ho fortel at ho var både på Nese i Arnafjord og på Flatbygdi (der ho var fast tilsett frå 1961 til 1992). I 1962 vart ho gift med Sjur Aase og flytta på høgdegarden Aase. Men ho heldt fram som lærar på Flatbygdi og det var mange strevsame turar

opp og ned til Aase på vinteren før nyvegen kom. Anna Sofie underviste først og fremst i forming, og særleg handarbeid.

Kva tankar gjer du deg når du ser dette teppet på veggen i Kyrkjestova no?

«Eg tykkjer det er kjekt å sjå på det. Eg har alltid tenkt at vi er ein del av eit skaparverk og at det er ein som er over oss som vi kan sjå opp til». Anna Sofie fortel at ho kanskje var ein av dei siste på skulen som kvar morgon begynte med å be «Fader vår» med elevane. «Eg tykte det var viktig at ungane lærte Fader vår», seier ho.

Anna Sofie set pris på å komme opp i Kyrkjestova og få sjå teppet som ho var med og laga. Ho er iskrivande stund på rekonvalesent opphald på VBS etter at ho har brote armen to gonger. Ho er heller ikkje så god til beins, men likar å fortelje om åra på skulen i Vik. Teppet på veggen i Kyrkjestova heng som eit synleg minne om ein dyktig handarbeidslærar som saman med andre lærar og elevar skapte eit flott kunstverk som mange av oss set pris på!

Tekst og foto: OMH



**KIRKENS
NØDHJELP**

**I KRISER
ER VATN
KRITISK**



FASTEAKSJONEN 2015
tysdag 24. mars

Send GAVE på sms til 2468 (200 kr)
eller ring 820 44 088 (200 kr) eller
bruk kontonummer 1594 22 87493

I kriser er vatn kritisk



KIRKENS NØDHJELP

actalliance

Klimaendringane fører til fleire og verre katastrofar, og truer menneskes tilgang på reint vann. I høst overlevde Muhammed og familien så vidt den dramatiske flaumen i Pakistan.

Det er dei fattigaste som vert hardest ramma av klimaendringane, anten det er i tyfon på Filippinane, tørke i Etiopia eller flaum i Pakistan.

Ein av dem som nyleg har fått merke dette på kroppen, er Muhammed Irsdad. Han er gift og har 3 barn, og bur i landsbyen Basti Riaz Abad i Pakistan. Ein morgon, tidleg i oktober, kom flaumen brått til landsbyen.

- Vannet kom i stor fart frå kanalen, og eg måtte ta med familien og springe i tryggleik. Vi sprang til næraste landeveg, som ligg litt høgare enn resten av landsbyen. Slik berga vi livet, fortel Muhammed.

Vart sjuk av vatnet
Familien vart buande

på denne landeveien uten ly i over en måned, ventende på hjelp. Da flaumen kom, hadde dei ikkje tid til å ta med korkje husdyr eller eigendelar. Huset vart fullstendig øydelagt og husdyra drukna.

- Vi har aldri opplevd flaum i landsbyen før, det er noko heilt nytt, seier Muhammed. Flaumen hadde store konsekvensar for Muhammeds familie. Tidlegare jobba Muhammed som sikkerhetsvakt og heile storfamilien var avhengige av inntekta hans. Etter flaumen måtte Muhammed vere saman med familien og han mista difor jobben. I tillegg har flaumen gjort at drikkevatnet er forureina.

- Dottera mi på to år er blitt sjuk av å drikke vatnet etter flaumen. Det er så vidt vi hadde råd til å betale for medisinarane ho treng for å overleve, fortel han alvorleg mens kona held dottera tett inntil seg. Kirkens Nødhjelp sin partner Sunghi var ein av dei første organisasjonane som kom til Basti Riaz Abad. Dei skal gi Muhammed og landsbyen nye håndpumper, latriner, hygieneutstyr og sikre

at landsbyen igjen får trygt vatn.

Du kan hjelpe

I kriser er vatn kritisk. Difor er vatn noko av det aller første Kirkens Nødhjelp stiller med i katastrofar. Dei sørgjer for reint vatn og høve til gode sanitærforhold der alt er øydelagt. Samtidig jobbar dei saman med folk i utsette område for å forebygje den neste naturkatastrofen. Kirkens Nødhjelp jobbar i tillegg med å påverke politikarar og andre beslutningstakere til å stanse klimaendringane.

Kirkens Nødhjelp treng di hjelp for å hjelpe. 22.-24. mars går Kirkens Nødhjelps fasteaksjon 2015 av stabelen. Dette er kyrkjelydene sin eigen aksjon. Ditt bidrag gjer det mogleg for Kirkens Nødhjelp å være der med reint vatn når katastrofen rammar. Difor håpar vi du vil støtte fasteaksjonen 2015, anten ved å stille som bøssebærer eller med pengar i bøssa. Vi oppmodar deg også til å bruke stemma di i fasteaksjonens klimakampanje og slik bidra til å stoppe klimakrisa.

Kven skal styre kyrkja vår?

Kven skal styre kyrkja vår?

Den 14. september er det val på nytt sokneråd, og fram til 1. mai kan du påverka kven som skal stå på lista over kandidatar.

Alternative lister

Soknerådet har oppnemnt ein nominasjonskomite som skal lage ei liste. Det er i tillegg høve for andre å levere inn egne kandidatlistar innan fristen 1. mai 2015. Forslag til kandidatlistar skal vere underskrivne av 10 røysteføre medlemmer. Kontakt kyrkjekontoret for å få vita krav til kva opplysningar som skal vera med om kvar kandidat. Alle kandidatlistar skal ordnast i prioritert rekkefølge (ikkje alfabetisk). Kandidatlistar bør om mogeleg ha minst 40 prosent representasjon av kvart kjønn, og minst 20 prosent representasjon av ungdom under 30 år.

Når det er tid for å velja, vil alle kandidatar på lista få ei røyst kvar, medan inntil tre av dei kan få to røyster kvar dersom veljaren set kryss framfor namnet til kandidaten. Det vil også vera mogeleg å overføra namn frå ei liste til ei anna, dersom det er fleire lister.

To val

Kyrkjevalet finn stad (13.-) 14. september 2015, med førehandsrøysting frå 10. august. Direkte val på fire leke medlemmer av bispedømerådet finn stad samstundes med soknerådsvalet. Medlemene av bispedømerådet utgjer også Bjørgvin sine medlemmer i Kyrkjemøtet, det høgste organet i Den norske kyrkja. Kyrkjevalet vert halde same dag som kommune- og fylkest-

ingsvalet og i nærleiken av dei offentlege vallokala. Alle røysteføre medlemmer av kyrkja vil få tilsendt eit valkort i posten før 10. august. Der vil det stå kvar ein kan røysta.

Kva gjer soknerådet?

Soknerådet leier verksemda i kyrkjelyden der du bur. Som medlem i soknerådet kan du ha stor innverknad på dei lokale oppgåvene og utfordringane i di kyrkje. Arbeidet i kyrkjelyden spenner over mange tema – mellom anna miljø og rettferd, gudsteneste, musikk, misjon, barne- og ungdomsarbeid, i tillegg til jus og forvaltning av økonomien. Her er nokre eksempel på ansvarssområda til soknerådet:

- Trusopplæring blant døypte mellom 0–18 år
- Diakonal teneste (omsorgstenesta i kyrkja)
- Gudstenester
- Kyrkjemusikk
- Ofringar
- Utleige av kyrkja
- Uttalar seg ved tilsetjing av prest, prost og biskop
- Samarbeid med frivillige
- Langsiktig planlegging av arbeidet i kyrkjelyden
- Røystar på tre av dei leke kandidatane til bispedømerådet/ Kyrkjemøtet
- Soknerådet har ein representant i kyrkjeleg fellestråd som tek seg av dei administrative og økonomiske oppgåvene på vegner av sokna, og dei opprettar og legg ned stillingar.

Det er 4 medlemmer i Arnafjord sokneråd, 6 medlemmer i Vangsnes, Feios og Fresvik sokneråd og 8 i Vik sokneråd. Dei har ulik utdan-

nings- og yrkesbakgrunn og mange er aktive på andre arenaer i lokalsamfunnet. I tillegg deltek presten fast på rådsmøta.

Soknerådet møtest 2–5 gonger i halvåret. Dei aller fleste som sit i eit sokneråd, opplever at vervet ikkje krev mykje av fritida deira; dei fleste nyttar mindre enn ein time i veka på vervet. Medlemmene er valde for fire år.

Ei undersøking blant soknerådsmedlemer viser at eit stort fleirtal både trivst og opplever det som meningsfylt å sitja i soknerådet. 85 prosent av rådsmedlemmene synest vervet var meir eller om lag så tilfredsstillande som dei hadde forventa.

Ti gode grunnar til å vera med i soknerådet:

1. Du medverkar til å halda loka-lkyrkja levande
2. Du vert ein del av eit kristent fellesskap
3. Du gjer ein viktig jobb for fellesskapet
4. Du kan syta for eit trygt og godt fritidstilbod for born og unge
5. Du får innblikk i og påverkar dei demokratiske prosessane i kyrkja
6. Du får eit nytt nettverk i lokalmiljøet ditt
7. Du kan syta for at di kyrkje er ei open og inkluderande kyrkje
8. Du pregar aktivitetstilbodet i nærmiljøet ditt
9. Du får nyttig styreefaring som du kan bruka i andre samanhengar
10. Du kan oppdage nye sider ved deg sjølv.

Kjelde: kyrkja.no/val



Nummedal
Gravferdsbyrå as



No smeltar snøen og våren nærmar seg
Vi kan hjelpe deg med å få utført:

- Bestilling av nytt gravmonument
- Blomstervaser og gravlykter
- Oppretting av gravmonument
- Vask og rens av gravmonument
- Fornyng av skrift
- Gravstell



Ta gjerne kontakt for ein prat og eit uforpliktande pristilbod.

Telefon: 57 69 57 55

Mobil: 91 88 57 70

Epost: post@nummedalen.no

Internett: www.nummedalen.no

Trusopplæring i Vik

TÅRNAGENTAR

Dette er eit tiltak utarbeidd for 8-åringar. Tårnagentane skal få høve til å bli kjend i kyrkja og oppdage nokre av skattane vi har. I Vik sokn har vi samling for eit årskull om gongen. I dei andre sokna har vi funne det praktisk å samle fleire årskull. Det er kjekt for borna å vere i ei gruppe på ein viss storleik – I Vangsnes kyrkje blir det Tårnagent – gudsteneste 12.april kl.11.00,

I Vik kyrkje søndag 7.juni kl.11.00 Før gudstenesta har vi ein tårnagentsamling i kyrkja. Det blir sendt ut eit brev m. invitasjon i god tid før tårnagent-samlinga, der ein kan melde seg på. Nedanfor har vi nokre biletglimt frå Tårnagent-opplegget i Arnafjord hausten 2014. Søndag var det gudsteneste der tårnagentane song og presenterte noko av det vi hadde gjort på tårnagentsamlinga.



Etter gudstenesta var det kyrkjekaffi. På «Tårnagent-opplegget» var det i tillegg til oss tilsette med foreldre; nokre leverte mat til kyrkjekaffi og andre var englevakter på samlinga. Takk til alle som var med ! Vi tilsette i kyrkja kosa oss saman med dykk!

T: kjh F: TFB

T.h. 1:
- Tårnagentane samla – klar for oppdrag!

T.h. 2:
- Skattejakt i gang – dåpsfatet er funne og på plass i døyptefonten

T.h. 3:
- Agentar blir svoltne – vi hadde måltid i sakristiet

T.v. 1:
- Særleg spennande var det å få gå opp i tårnet – her ser vi nokre kikke ut av ei lukene høgt oppe.

T.v. 2:
- Vi fekk lage bittelitt lyd i tårnet også – Kjersti, Laura, Sigve og Jostein prest

T.v. 3:
- Agentar i tårnet – Asbjørn, Simon, Susanne og Lars-Magnus.



JULETREFEST

Juletrefest er ein flott tradisjon og kan vere gode samlingar på tvers av generasjonar i bygdene våre.

Vi veit at det var fleire flotte festar både før jul og i romjula.

På nyåret hadde vi to festar som vi vil presentere her.

FEIOS BEDEHUS

Måndag 5.jan. arr. Frelsesarmeen i Vik og Feios kvardagsskule fest på Feios bedehus. Bedehusforeininga stilte med god mat.

På festen var det både skjemt og alvor; Strengemusikken og kvardagsskulen song, Jorlaug Eldevik heldt andakt, Marit Pettersen leia festen og las

dessutan ei koseleg forteljing. Så var det leik og gang kring juletreet.

Kyrkjebladet sin utsende hadde

dessverre berre med eit utlada fotoapparat, og då fekk mobil-kamera vere godt nok.

Er bileta noko uklare, veit de såleis grunnen.



KYRKJESTOVA

I Kyrkjestova var det julefest for vaksne onsdag 7.jan.

Festen vart opna med at 4. kl. på Flatbygdi skule framførde sitt juleopptrinn. Det var kjemp flott!

Underteikna hadde ikkje fått utstyrt seg med kamera i tide, og programmet var så fint at eg berre måtte sitte i ro og oppleve det. Der-

for har eg ikkje bilete frå spelet, men tusen takk skal de ha, både elevar og lærarar for at de kom og tok del på festen!!!

Det er tradisjon med rømmegrout og spekemat på denne julefesten, og i år var det Berit Bolstad som var kokke. Nydeleg godt var det. Særleg godt for oss som kom rett frå jobb.

Refsdal stilte på oppmoding opp song så vakkert den gamle kjære julesongen « Å fredsæle jolekveld». Kjekt at Kjersti diakon kom på besøk til oss med helsing og diktlesing.

I år var vi særleg flinke til å gå rundt juletreet, og vi fekk såleis brukt mange av dei gode julesongane våre.

kjh



Sokneprest J. Skutla-berg hadde andakt og hadde ei flott framføring av fleire songar. Borgny Stadheim og Agnes Fosse





KYNDELSMESSEBASAREN

I år hadde vi Kyn-
delsmessebasaren i
Kyrkjestova laurdag
31.jan.

Veka før hadde vi føre-
handssal på Coop Ex-
tra tre dagar.

Gevinstar hadde vi fått
av ei rekkje butikkar
og bedrifter elles og
mange privatpersonar.
Takk til alle som har
bidrege med flotte
gevinstar! Noko vart
brukt til hovudtrekn-
inga, og
mykje til dei 6 åreom-
gangane.

Steminga var på topp i
ei fullsett Kyrkjestova.
KorBrra song friskt og
fint.

Sokneprest J. Skutla-
berg hadde litt misjon-
sinformasjon frå Japan
og heldt ei lita andakt.
Trekninga går så lett
og greitt no når vi har
fått hjelp av Osvald
Risløw, som har trek-
king på eit datapro-
gram.

Dei gode kakene fekk
vi avsetning på i kaf-
fipausen.

Tove Geithus leia oss

gjennom basaren, elles
var det mange som på
ulikt vis hjelpte til – så
vi fekk så flott basar-
resultat:

Bruttoinntekt k
50.410.- (trur det må
vere rekord!) Etter at
vi har trekt frå utgifter
til 3 gevinstar og hu-
sleige , sender vi kr.
47.165.- til Det Norske
Misjonssekskap.
Takk til alle som støtta
basaren!

T: kjh F: pog





BEDEHUSBASAR

Bedehusforeninga i Feios hadde måndag 9.mars basar til inntekt for bedehuset.

Det var skikkeleg god stemning i bedehuset . Frelsesarmeen stiller trufast opp, også på denne basaren med sin gode song. Sylvi Nummedal heldt andakta. Så var det kaffipause og påsmurd mat – så vi sparte kveldsmaten.

Tre åreomgangar og ei loddbok ein kunne skriva seg i gav godt resultat.

Leiar Turid Harbakk kunne opplyse at vi hadde passert kr. 10.000.- Nøyaktig oppteljing gjev kr. 9.610,- netto. Takk til alle private og bedrifter som har støtta basaren med gevinstar og loddkjøp!

Takk til foreningsmedlemene som ser verdien i å ta vare på Feios bedehus!



HELSING FRÅ KYRKJA - REKNESKAP 2014


RESULTAT

| UTGIFTER | | INNTEKTER | |
|-------------------------------|------------------|----------------|------------------|
| Trykking m.m | 50.935,75 | Bladpengar | 96.100,00 |
| Lysing | 1.539,00 | Renteinntekter | 2.484,39 |
| Kristeleg press.ktr. ab. 2015 | 1.060,00 | | |
| Sum utgifter | 53.534,75 | Sum inntekter | 98.584,39 |
| Overskot | <u>45.049,64</u> | | |
| Sum | <u>98.584,39</u> | Sum | <u>98.584,39</u> |

BALANSE

| AKTIVA | | PASSIVA | |
|----------------------|-------------------|-----------------------|--------------------|
| Bankkonto,brukskonto | 67.988,23 | Eigenkapital 01012014 | 131.164,55 |
| Bankkonto,topprente | <u>108.225,96</u> | Overskot | + <u>45.049,64</u> |
| Sum bankinnskot | 176.214,19 | Eigenkapital 31122014 | 176.214,19 |
| Sum | <u>176.214,19</u> | Sum | <u>176.214,19</u> |

Vik i Sogn, 31122014
08032015


Sylvi Nummedal
-kasserar-


Olav Håkon Refsdal
-revisor-

HELSING FRÅ KYRKJA 2014

Vi veit at mange har sakna «Helsing frå kyrkja» det siste halvåret.

Vi har og sakna denne kontakten med kyrkjelydane, «Helsing frå kyrkja» er sokneråda i Vik sitt blad. Eit par nr. av bladet var kome langt i produksjon, men vart dessverre av ulike årsaker ikkje fullført. Det har kome inn kr 91.100 i bladpengar. Det seier oss at «Helsing frå kyrkja» er eit blad mange gjerne vil ha. I tillegg har vi og fått ei gåve på 5.000 kr.

Som de ser av rekneskapen gir bladpengane og gåvene frå dykk høve til å gi ut ein årgang på fire nr. Dykkar interesse for bladet inspirerer oss til å jobbe hardt for det.

På grunn av at vi har gitt ut berre to nr. dette året, er det økonomiske resultatet svært positivt. De vil ikkje finna nokon giro med dette bladet. Sannsynlegvis legg vi ein giro i bladet mot slutten av året.

Sylvi Nummedal, kasserar i HFK / Kirsti Jelle Hopperstad, bladstyrar

Meldingar:

PRESTESTILLINGAR I VIK.

Den noverande prøveordninga mellom sokneprestane i Vik og Balestrand går ut frå august 2015.

Då vil Ole Agnar Helland vera tilsett i 40 % prestestilling i sokna i Vik kommune.

Dette kjem i tillegg til den stillinga som Jostein Skutlaberg har.

Olav Martin Hove skal også fortsetja med det antal gudstenester som er avtala.

(utdrag frå møtebok Vik sokneråd)

kjh

LYDANLEGGET I VIK KYRKJE.

Vi har i lengre tid hatt problem med lyd-anlegget i Vik kyrkje.

I 2013 fekk Vik sokneråd til saman kr. 20.000.- som minnegåve til utbetring av anlegget.

No har vi fått kjøpt nye, betre og fleire mikrofonar - og anlegget er justert .

Vi er for tida godt nøgde med lyd- tilhøva i kyrkja, men dersom nokon har noko å påpeika som ikkje fungerer, er vi takksame for tilbakemeldingar.

Mange er nok ikkje klar over at det ikkje er nok å stille telefonen på lydlaus når ein er i kyrkja.

Signal til mobiltelefonar kan forstyrre lyden. Så vi oppmodar alle om å slå tlf. heilt av i kyrkja.

Dersom ein har vakt eller av annan særleg grunn må ha telefonen på, håper vi at ein i alle fall skrur den på «lydlaus».

kjh

Nytt bårhus i Vik.

Bårhuset i Vik vart vigsla 3.des. 1972. Den gongen var det nok ikkje mange bygder som hadde eit så fint bårhus.

Dei siste åra har ein likevel sett at huset har kome i ei dårleg forfatning og ikkje stettar dagens krav, sjølv om det er fint utvendig.

Ein har kome til at det mest fornuftige er å byggja eit nytt bårhus. Det blir plassert der reiskapshuset no står. Bygget blir sjølvsagt litt lenger, då det skal ha stellerom m. kjøleceller, samlingsrom , gang og toalett. Bygget

skal vere livsyns-ope.

Vik kommune har løyvd midlar på budsjettet for 2015.

Arbeidet med å gjere det gamle bårhuset om til reiskapshus er i skrivande stund kome godt i gang.

Reiskapshuset blir rive, og ein startar bygge det nye bårhuset i løpet av våren.

Kjh

KONFIRMANTJUBILEUM

I Vik kyrkje er det gudsteneste 7.juni kl.11.00 der Gullkonfirmantane er særleg invitert.

Det er altså dei som vart konfirmert i Vik kyrkje 2.mai 1965 som møtest denne dagen.

Etter gudstenesta blir dei ei samling med middag i Kyrkjestova for 50 års konfirmantane.

Helga etter er det jubileum i Feios kyrkje. Søndag 14.juni kl 11.00 blir dei som vart konfirmert i 1964 og 1965 inviterte til gudsteneste og påfylgjande fest.

I gudstenesta Arnafjord kyrkje 21.juni kl.11.00 blir det markering av jubileum for konfirmantane 1963, 1964 og 1965.

Vi vonar på fine forsommar-dagar, og at mange har lyst å vere med på desse gudstenestene.

Velkomne!

kjh

FEIOS KYRKJE 150 ÅR.

Feios kyrkje er 150 år i 2016. Soknerådet har sett i gang førebuingarbeid til jubileet.

Jan Magne Rinde og ei skriftnemnd arbeider med eit hefte/bok om kyrkja. Jubileumsgudstenesta er planlagt 28.aug. 2016.

kjh

Norsk Salmebok 2013 teken i bruk i alle 5 soknekyrkjene i Vik

Norsk salmebok 2013 vart våren 2014 kjøpt inn til alle dei 5 soknekyrkjene i kommunen.

Kyrkjekontoret organiserte bestillinga på vegne av sokneråda, grunna pris og refusjon av moms.

Totalt var det bestilt inn 330 salmebøker der 90 av desse var salmebøker med stor skrift. Kostnaden for alle salmebøken m/preging og notebøker til organistane kom på ca. kr 122.000,-

Sokneråda har finansiert innkjøpa av dei nye salmebøkene med gåver og er svært takksame for dette. Det har vore salmekveldar i kyrkjene der ein har teke nye salmar i bruk. Om du sjølv ynskjer deg ei eller fleire av «dei gamle salmebøkene» kan du kontakte kyrkjekontoret eller soknerådet der du bur.

Olav Martin (fengselpresten) vil prøve å hjelpe oss med hyller til salmebøkene. Han vil sjekke om fengeselet kan lage nye. Det viser seg at dei nye salmebøkene er noko større enn dei gamle slik at dei får ikkje plass i dei eksisterande hyllene for dei kyrkjene som har det. Dette blir opp til sokneråda å bestemme om dei vil kjøpe ei «billig» hylle av fengeselet.

Vi vil oppmode alle i kyrkjelyden om å kjøpe salmeboka og ta henne i bruk. Salmeboka kan også vere ei fin gåve til konfirmentar, jubilarar eller brudepar.

ÅRSMØTE I KYRKJELYDANE

Det har vore årsmøte i kyrkjelydane etter fylgjande gudstenester:

Feios sokn: Fresvik kyrkje 15.febr. kl.11.00

Arnafjord sokn: Arnafjord kyrkje 22.febr. kl.16.00

Fresvik sokn: Fresvik kyrkje 1.mars kl. 11.00

Vik sokn: Vik kyrkje 8.mars kl.11.00
Årsmøte i Kyrkjestova etter gudstenesta.

Vangsnes sokn: Vangsnes kyrkje 22.mars kl.11.00

Alle kyrkjelydane har vedteke lokal grunnordning for gudstenestene.

DUGNAD PÅ KYRKJESTOVA

Vi har sett opp dugnad på Kyrkjestova. Måndag 20. og 27.april kl.15.00 -20.00. Ein kjem og går når ein vil. Kjem du?

Sylvi & Kirsti

KONFIRMASJON 2015

FRESVIK 3. mai KL.11.00

Gøran Bøthun
Olav Bøthun
Stian Otterhjell Høyum

FEIOS 14.mai kl.10.00

Belinda Berdal Feidje
Amalie Grindedal
Solveig Amundsen Grindedal
Anette Harbakk
Randi Feidje Hjortland

VANGSNES 14.mai kl.12.00

Maiken Fretheim
Martin Svendsen
Maren Kjellevold Vangsnes
Levald Vangsnes
Ingrid Øygarden

VIK KYRKJE 24.mai KL.11.00

Helga Brudevoll
Sunniva Bø
Olav Andreas Bøthun
Frida Larsen Fjellheim
Nina Rinde Fosse
Brage Fjærestad Hønsi
Anita Kollsete
Marius Årestrup Larsen
Håvard Lundeland
Tone Orvedal
Lena Ramberg
Anne Marit Seljestø
Jonas Nilsen Systad
Janne Tryti
Erling Olai Hønsi Aafedt
Sindre Espeland Aase

ARNAFJORD 31. KL.11.00

Eirik Halset
Margit Kristina Fjærestad Holmberg,
Vik
Mari Starheim Nese

DUGNAD PÅ KYRKJEGARDANE

Sokneråda har i skrivande stund ikkje sett opp nokon dato, men det blir nok sett opp dugnad i alle sokna før 17.mai.

Gjer vel å sjå på plakater.

kjh

Døyppte:

VIK:

Vik kyrkje:
08.06.14. Marte Einebærholm Ese,
Bergen

Hove steinkyrkje:

29.07.14. Synva Halrynjo Bere,
Nesttun
29.07.14. Syver Sandberg Tistel,
Oslo

Hopperstad stavkyrkje:

23.08.14. Solveig Cathrine Hofseth

Vik kyrkje:

12.10.14. Fridtjof Tistel Grov,
Vangsnes
12.10.14. Anders Nitter Stadheim
12.10.14. Ola Lygresten Hagen
16.11.14. Trygve Seim Rendedal,
Balestrand
30.11.14. Sigrid Tangstad
Hatlevoll, Bergen
08.03.15. Martin Engan

FEIOS:

15.06.14. Mie Karoline Holen
15.06.14. Tor Bjarne Ulvestad
15.02.15. Gaute Amundsen
Grindedal

ARNAFJORD:

20.07.14. Erling Nesse Balevik , Vik

VANGSNES:

27.07.14. Louise Valland , Bønes
21.09.14. Tobias Tveit, Bergen
21.09.14. Henrik Holen

Døde:

FEIOS:

12.06.14. Marta Tjønn,
Høyanger f. 1925
12.08.14. Sigmund Tveit f. 1921
26.01.15. Leif Norvald Hove f. 1934
09.02.15. Borghild Borlaug f. 1918

ARNAFJORD:

16.06.14. Hildur Teigen, Vik f. 1926
24.09.14. Petra Otterskred f. 1927
27.11.14. Agnes Flæte
f. Hellen f. 1926
29.11.14. Sigurd Lee f. 1923

VIK:

26.06.14. Brita Ovrud,
Grønsberg f. 1916
06.07.14. Torhild Tryti
f. Vange f. 1929
08.07.14. Gunnlaug Søreвик
Brekke f. 1945
15.07.14. Andreas Gausdal f. 1924
19.08.14. Odd Roger
Haugen f. 1957
08.09.14. Gunnhild Tveit
f. Rinde f. 1920
12.09.14. Ragnvald Balvoll f. 1927
14.10.14. Olav O. Tenold f. 1924
15.10.14. Oddvar Tenold f. 1925
13.12.14. Gudveig Hanekam
f. Kyrkjeteig f. 1936
28.01.15. Olaug Svendsen
f. Midtbø f. 1953

FRESVIK:

16.08.14. Signe Breilid
f. Styve f. 1921
28.08.14. Ragnhild Høgheim
Bøthun f. 1929
02.09.14. Olav Skau f. 1925
18.02.15. Amanda Marie
Bøthun f. 1920

VANGSNES:

20.12.14. Karl Johan
Utmo f. 1928

NAMN OG NUMMER

VIK KYRKJEKONTOR: 415 91 913

KYRKJELEG TILSETTE:

Kyrkjeverje

Ingvar Vangsnes
epost: ingvar.vangsnes@vik.kommune.no

TELEFONAR

kontor 415 91 913
bustad 57 69 75 36
mobil 901 11 530

KONTORTID

tysdag - fredag
kl. 10.00 – 15.00

Sokneprest i Vik, Arnafjord og Vangsnes

Jostein Skutlaberg
epost: jostein.skutlaberg@vik.kommune.no

kontor 977 72 681
mobil 404 66 937

Sokneprest i Feios og Fresvik

Audun Systad
epost: audu-sy@online.no

kontor 57 69 16 80
bustad 57 69 11 55
mobil 971 55 237

Balestrand på tysdag
kl. 10.00 – 14.00

Kyrkjelydspedagog

Rut Solveig Netland
epost: klped@balestrand.kyrkja.no

kontor 57 69 82 91
mobil 906 32 698

Kyrkjelydssekretær

Kirsti Jelle Hopperstad
epost: kirsti.jelle.hopperstad@vik.kommune.no

mobil 911 01 653

onsdag og torsdag
kl. 10.00 – 15.00

Hovudkyrkjetenar i alle kyrkjene

Nils Kvamme

mobil 957 30 615

Kyrkjjetenar i Vik og Vangsnes

Jonathan Nahayo
Ragnar Hove

mobil 941 71 504
mobil 404 17 088

Kyrkjjetenar i Arnafjord

Kyrkjjetenar i Feios

Britt Inger Rinde Eikeland

mobil 908 39 156

Kyrkjjetenar i Fresvik

Henk van Nierop

mobil 918 70 581

Organistar

Lars Einar Bakketeig
epost: las1@hotmail.no
Inger Marit Hove
epost: imh@skulaneivik.no

mobil 995 34 138
bustad 57 67 83 34
mobil 915 27 569
bustad 57 69 59 59

Når alle er ute i oppdrag, kan resepsjonen på Kommunehuset formidla kontakt

ANDRE TELEFONAR

Vik: Reidunn Bolstad
Arnafjord: Camilla Zweidorff Hove
Vangsnes: Oddveig Fimreite
Feios: Gyda Tveit Lunde
Fresvik: Aud Hønsi

tlf. 905 33 581
tlf. 957 39 867
tlf. 971 98 740
tlf. 478 29 198
tlf. 482 50 638

VIK KYRKJELEGE FELLESRÅD:

Leiar: Ola Engum

tlf. 957 34 827

Nummedal Gravferdsbyrå v/Arnfinn Nummedal tlf. 918 85 770

Prestane sin beredskapstelefon 954 83 374 (utanom kvardagar kl.08-17)

VELKOMMEN TIL KYRKJE

| | | |
|---|------------------|--|
| 22.mars, Maria bodskapsdag Luk 1,46-55 | kl. 11.00 | Vangsnes kyrkje Gudst. v/ A. Systad Offer: Kyrkjelydsarbeidet Årsmøte etter gudstenesta. |
| 29.mars, Palmesøndag Matt 26,6-13 | kl. 11.00 | Vik kyrkje Gudsteneste v/ J. Skutlaberg KorBrra tek del. Offer. |
| 2.april, Skjærtorsdag Luk 22,14-23 | kl. 11.00 | Arnafjord kyrkje Gudsteneste v/ J. Skutlaberg Nattverd Offer: Kirkens Bymisjon |
| | Kl. 19.00 | Vik kyrkje Nattverdsgudsteneste v/ J. Skutlaberg |
| 3.april, Langfredag Matt 26,30-27,50 | kl. 11.00 | Fresvik kyrkje Gudsteneste v/ J. Skutlaberg Nattverd Offer: Det Norske Misjons- selskap |
| | Kl. 19.00 | Vangsnes kyrkje Gudsteneste v/ J. Skutla- berg Nattverd Offer: Kirkens Bymisjon |
| 5.april, 1.påskedag Matt 28,1-10 | kl. 11.00 | Vik kyrkje Høgtidsgudsteneste v/ J. Skutlaberg Offer Dåp |
| | Kl. 16.00 | Feios kyrkje Høgtidsgudsteneste v/ A. Systad Offer: IKO Dåp |
| 12.april, 2.s. i påsketida Joh 21,15-19 | kl. 11.00 | Vangsnes kyrkje Gudsteneste v/ J. Skutlaberg Tårnagentar Offer: Vik Røde Kors besøk- steneste |
| 19.april, 3-s- i påsketida Joh 10,1-10 | kl. 11.00 | Vik kyrkje Gudsteneste v/ J. Skutlaberg Offer Dåp Utdeling av 6- årsbok. |

| | | |
|--|------------------|---|
| 22.april, onsdag | kl.18.00 | Hopperstad stavkyrkje Gudsteneste v/ A. Systad og R.S. Netland Avslutning minikonfirmasjon i Vik og Balestrand |
| 24.april, fredag | kl.19.30 | Vik kyrkje Samtalegudsteneste for konfirmantane i Arnafjord, Feios, Fresvik, Vangsnes og Vik. Inga gudsteneste i Vik |
| 26.april, 4.s.i påsketida Joh.13,30-35 | | |
| 3.mai, 5.s.i påsketida Luk 13,18-21 | kl.11.00 | Fresvik kyrkje Konfirmasjonsgudsteneste v/ J. Skutlaberg Offer: Kyrkjelydsarbeidet |
| 10.mai, 6.s. i påsketida Matt7,7-12 | kl. 10.30 | Inga gudsteneste i Vik Jazz- gudsteneste i St. Olav, Balestrand i høve Balejazz. |
| | kl. 18.00 | Jazzgudsteneste i Leikanger kyrkje. |
| 14.mai, Kristi Himmelfartsdag Luk 24,46-53 | kl.10.00 | Feios kyrkje Konfirmasjonsgudsteneste v/ J. Skutlaberg Offer: Kyrkjelydsarbeidet |
| | Kl.12.00 | Vangsnes kyrkje Konfirmasjonsgudsteneste v/ J. Skutlaberg Offer: Barne- og ungdomsarb. / trusopplæring. |
| 17.mai, Grunnlovsdag Matt 22,17-22 | kl.13.00 | Friluftsgudsteneste v/ J. Skutlaberg i hagen v/ Vik bygde- og sjukeheim (dersom det vert dårleg ver, blir gudstenesta I Vik kyrkje) |
| 24.mai, 1. pinsedag Joh 14,15-21 | kl.11.00 | Vik kyrkje Konfirmasjonsgudsteneste v/ J. Skutlaberg Offer |
| 31.mai, S. i treeining Luk 10,21-24 | kl.11.00 | Arnafjord kyrkje Konfirmasjonsgudsteneste v/ J. Skutlaberg Offer: KFUK/KFUM |

UTGJEVAR : Sokneråda i Arnafjord, Feios, Fresvik, Vangsnes og Vik
TRYKK : Ingvald Husabø Prenteverk a.s, 6863 Leikanger
BLADSTYRER : Kirsti Jelle Hopperstad
KASSERAR : Sylvi Nummedal
BLADPENGAR : Kr. 150,- pr. år. Utanbygds kr. 200.-
BANKGIRONR : 38003011558



VELKOMMEN TIL KYRKJE

7.juni, 2.s. i treeining

Joh 3,26-30

kl.11.00

Vik kyrkje

Gudsteneste v/ J. Skutlaberg
Nattverd 50-årskonfirman-
ta Offer Tårnagenthelg.

Kl.16.00

Fresvik kyrkje

Blomstergudsteneste
v/ J. Skutlaberg
Offer: Søndagsskulen

14. juni, 3.s. i treeining

Joh 1,35-51

kl.11.00

Feios kyrkje

Blomstergudsteneste
v/ A. Systad Offer: Sogn og
Bergen søndagsskulekrins.
Konfirmantjubilium.

21. juni, 4.s.i treeining

Matt 16,24-27

kl.11.00

Arnafjord kyrkje

Gudsteneste v/ J. Skutlaberg
Konfirmantjubilium
1963/1964/1965
Offer: Kyrkjelydsarbeidet

23. juni, Jonsokaftan

kl.18.00

Hopperstad stavkyrkje

Jonsokmesse
v/ J. Skutlaberg.

28. juni, 5. s. i treeining

Matt 7,21-29

kl.11.00

Vangsnes kyrkje

Friluftsgudseneste
v/ J. Skutlaberg. Nattverd

Heimesida: www.vik.kyrkja.no

KYRKJESKYSS:

VIK: Ring 482 27 500 seinast ein time før gudstenesta
eller Vik kyrkjekontor 57 69 82 90 (innan fredag)

VANGSNES: Ring 917 13 596, Leif Audun Sætre - dagen før gudstenesta.

FEIOS: Ring 402 90 941, Linda Nedberge Sagerøy - dagen før gudstenesta.

ARNAFJORD: Ring 975 34 827, Ola Engum - dagen før gudstenesta.

FRESVIK: Ring 997 59 706, Jardar Bøtun - dagen før gudstenesta.